

## KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELT KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR i 2011

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssatsinga i Helse Vest

### Prosjektnamn

**Betre oppgåvefordeling og arbeidsflyt på sengepost, tilpassa nye pasientforløp**

### Prosjekteigar (helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)

Helse Førde / Kirurgisk klinikk /Klinikkdirektør Tore Dvergsdal

### Prosjektleder (kontaktperson)

Evelyn Stavang , Oversjuepleiar kirurgisk sengepost

### Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt

Kartlegginga som vart gjort i prosjektet Moderne sengepost, (såkornprosjekt 2010) synta at det var varierende grad av arbeidsleiing på sengepostane. Fordeling av oppgåver låg ofte til gruppeleiar på sengeposten, men denne rolla var ikkje alltid klart definert og svært ulikt organisert på sengepostane. Det er eit mangfald av arbeidsoppgåver som kvar dag skal løysast i ein sengepost, og korleis, av kven, og når desse vert løyst kan ha betydning for kor god arbeidsflyt og ressursutnytting ein får til.

Pasienten skal behandlast på beste effektive omsorgsnivå, og skal ikkje ha unødvendige liggedøgn i sengepost. i dag vert til dømes kirurgisk pasientar ferdig førebudd på poliklinikken, slik at pasienten skal kunne møte på sjukehuset operasjonsdagen, og eventuelt bli innlagt etter operasjonen. Sengeposten må og tilpasse seg den nye pasientflyten.

Med endringar i pasientforløp er det difor nødvendig å sjå på oppgåvene i sengeposten på nytt. Til dømes må ein sikre at spesialkompetanse innan eit område vert nytta mest mulig hensiktsmessig. Det er og viktig at arbeidsoppgåver med mulig risiko for feil som t.d medikamenthandtering vert lagt til rette på ein god måte utan at ein vert forstyrra av anna som skal gjerast samstundes.

God arbeidstidsplanlegging har og betydning for god arbeidsflyt i sengeposten, med rett personale til rett oppgåve til rett tid. I dag vert turnusplanar laga etter eit stillingstal avdelinga har, og ikkje alltid med utgangspunkt i det ressursbehovet og dei oppgåvene som skal løysast. Prosjektet vil og sjå på om endra arbeidsform kan ha betydning for arbeidstidsplanlegging.

### Mål for prosjektet

Gjennom prosjektet ynskjer vi å sikre rett kompetanse og rett personalressursar på rett nivå og med rette oppgåver.

Prosjektet skal samtidig sikra

- Pasienttryggleik
- God pasientopplevd kvalitet
- Systematiske og framtidretta og fagleg gode arbeidsformer på sengeposten
- Samhandling og samarbeid mellom ulike profesjonar slik at ein sikrar fagleg kvalitet og effektiv ressursutnytting.

Prosjektet skal omfatte alle somatiske sengepostar i Helse Førde, men kirurgisk sengepost ved Førde sentralsjukehus vert pilot i fase 1 i prosjektet. Implementering av nye løysingar i dei resterande sengepostane vil vere eit fase 2 i prosjektet.

### Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

Prosjektet nyttar Forbetringsprogrammet som metode

Måle effekt av tiltak gjennom definerte måleindikatorar

**Planlagt bruk av resultat i eiga eining** (implementering i drift m. v.)

Resultatet av prosjektet skal implementerast i kirurgisk sengepost.

Prosjektet skal i ei fase 2 gjennomførast og implementerast ved alle somatiske sengepostar i Helse Førde

**Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen**

Andre helseføretak vil og kunne ha stor nytteverdi av nye arbeidsformer som sikrar ei meir samordna og effektiv drift av sengepostane

Resultat og kunnskap frå prosjektet kan presenterast på fagdagar internt eller i kommunal regi, og på konferansar.

**Oppstarttidspunkt** (planlagt)

Fase 1 – august 2011

**Sluttidspunkt** (planlagt)

Mai 2012